

**Fra:** Ronny Skaar (Ronny.Skaar@hfk.no)

**Sendt:** 18.10.2017 11:32:17

**Til:** 'Marius Dale Romslo'

**Kopi:** Marianne Ose Askvik

**Emne:** SV: Omdisponering av KUP-midler

**Vedlegg:** image001.png;image002.png

Hei,

Det er ikkje uvanleg at KUP-prosjekt endrar form og innhald i prosjektperioden innanfor opphavleg målsetjing. Vi ser frå søknaden til KUP 2015 at ein av målsetjingane til prosjektet var å auke kunnskap om romakustikk og styrke kjennskap til akustikkfeltet. Vidare hadde prosjektet til hensikt å motivere deltakarar til å gjennomføre forbetringar samt å gi informasjon om ulike mater å betre romakustikken.

Fylkesrådmannen sin kommentar til innstillinga i 2015 var «Hordaland musikkråd tek opp eit viktig tema som kan ha praktisk nytte for store deler av både det offentlege og frivillige kulturlivet rundt i fylket. Organisasjonen har opparbeidd seg god kompetanse på feltet, som dei no ønskjer å formidle vidare. Prosjektet fell difor m.a. inn under programområde D – kompetanse, spesielt punktet der ein vil legge vekt på tiltak som «aukar arrangørkompetansen for å gje fleire rom for kunst og kultur i fylket». Måling av akustikk er viktig for å tilrettelegge på best mogleg måte for utøving av musikk og scenekunst i ulike typar eksisterande lokale rundt om i fylket. Fylkesrådmannen tilrår at prosjektet vert støtta med omsøkt sum».

Ettersom de skriv i vedlegget at målsetjinga framleis er den same, så vurderer vi dette til å vere ein rapport om kva som har skjedd sidan oppstarten og vidare grunngjeving for kvifor prosjektet har endra form. 2.delutbetaling kan dermed utførast og denne vil vere på 38 300. Det vil då stå att 38 400 kroner til seinare utbetalningar.

Vennleg helsing

**Ronny Skaar**

Seksjonsleiar/Utviklingssjef

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling

hfklogo-epost3

Tlf: 55 23 91 77 | Mob: 930 23 928

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

**Marianne Ose Askvik**

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling

hfklogo-epost3

Tlf: 55 23 95 43

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)